


TEMAPLAN LANDBRUK



INNHALD

INNHALD	2
INNLEIING.....	3
VIKTIGE OMGREP	5
LANDBRUKET I ÅSERAL.....	6
Jordbruksareal	6
Husdyr.....	7
Beitedyr	8
Beiteområde	9
Nydyrking.....	11
Korleis er den dyrka marka i Åseral disponert?	12
Kor er den dyrka og dyrkbare marka lokalisert?.....	13
Omdisponering	20
Moglege konflikhtar mellom ønske om bustadbygging og dyrka mark.....	20
Føringar for arbeidet med arealdelen	21
Kjelder.....	21



INNLEIING

Landbruket har i lang tid vore ei av dei viktigaste næringane i Åseral. Kommunen har lange tradisjonar med gardsdrift som har vore med på å forme kommunen til det den er i dag. I 2023 var det 47 føretak som dreiv med vanleg jordbruksproduksjon og som fekk produksjonstilskot. 10 av desse disponerer mjølkekvotar og har ein snittkvote på 91 702 liter mjølk. Bruk med kyr og sau dominerer i Åseral, og det går også svært mange Rogalandssau på beite i heia i kommunen sommarstid. Elles blir dei dyrka jordbruksareala i kommunen nytta til grasproduksjon.

Sjølv om landbruket står sterkt i Åseral, er det også ei næring som er prega av utfordringar. Færre bønder, låg lønnsemd, auka kostnader og krav om effektivisering er nokre av utfordringane dagens og framtidens bønder møter på. I tillegg vil klimaendringane vere ei særleg utfordring. Meir ekstremvêr, tørke og auka førekomst av plante- og dyresjukdommar kan gjere det vanskelegare å drive.

Jordbruket er ein arealbasert næring som er avhengig av mengda og kvaliteten på jordressursane, den dyrka og dyrkbare marka og beiteressursane i inn- og utmark. Areal som er eigna til jordbruk er ein avgrensa ressurs. I Noreg er det berre 3.5% av alt landareal som er jordbruksareal, og ligg samanlikna med Europa under snittet for andelen av landareal som er eigna til jordbruk. Dette gir areal som er eigna til jordbruk stor verdi ikkje berre i Noreg, men også spesifikt i Åseral kor prosenten er endå lågare enn den er for Noreg på landsbasis. Med eit slikt avgrensa areal for jordbruk er det viktig med eit sterkt jordvern og ein politikk som tek vare på, styrkjer, og utnyttar jordbruksareala.

Ei av utfordringane me står ovanfor er omdisponering. I utgangspunktet er det forbode med omdisponering av jordbruksareal, men kommunen kan i særlege tilfelle gje løyve. Jordbruksareala er utsett for omdisponering til andre føremål fordi dei ofte ligg i område med utbyggingspress. I større kommunar og i byar er dette ofte press av ein anna dimensjon og i hovudtrekk til litt andre formål enn i Åseral, på grunn av eit større utbyggingspress. Store områder vert omdisponert for bygging av mellom anna næringsareal og veg. Problemstillinga er likevel relevant i Åseral på grunn av arealtypen sin store verdi. Her ser ein at det i mange tilfelle er bustadbygging som kjem i konflikt med jordbruksareala, og dette skaper ein utfordrande problemstilling mellom jordvern og ynskje om busetting.

Regjeringa la våren 2023 fram ein ny jordvernstrategi. Strategien har eit nytt og skjerpa mål for omdisponering av matjord. Strategien understrekar at kommunen er ein særdeles viktig aktør i jordvernarbeidet. Det er avgjerande at jordvern vert vekta høgt i lokal arealpolitikk. I dei nasjonale føringane er det også eit eige punkt vedkomande dyrka jord:

69. Ved revidering av kommuneplanens arealdel vurderes det om arealer som tidligere har vært avsatt til formål som innebærer omdisponering av dyrka jord, skal tilbakeføres til landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsformål.

Samfunnsdelen som kommunestyret vedtok oktober 2024 legg nokre føringar for utarbeiding av arealdelen. Her står mellom anna:

- ***I Åseral har vi eit levande landbruk***
 - *Vi bidreg til at flest mogleg gardsbruk i Åseral har aktiv jord- og skogbruksdrift*
 - *Vi bidreg til at kulturlandskapet blir oppretthalde og ikkje gror att*
 - *Vi tek best mogleg vare på fulldyrka mark*
 - *Vi stimulerer til rett og effektiv bruk av jordbruksareala slik at produksjonen blir optimal*
- ***Jordbruks- og skogbruksnæringa sitt arealgrunnlag skal takast vare på, og det skal leggjast til rette for vidareutvikling av eksisterande drift [...]***

Vidare står det spesifikt at: «For å gjera ei god vurdering av lokale tilhøve, skal det utarbeidast ein temaplan for «framtidens landbruk i Åseral», der all dyrka mark og overflatedyrka mark samt beiteareal i kommunen skal kartleggjast og vurderast. Temaplanen vert utarbeidd i samband med arealdelen.

I planprogrammet er det presisert at ein ynskjer å sjå nærmare på problemstillinga mellom ivaretaking av landbruksjord og utvikling av nye bustader i Kyrkjebygda. For å få eit betre kunnskapsgrunnlag og føringar ved spreidd bustadbygging i Åseral skal det utarbeidast ein temaplan for landbruk. Denne temaplanen tek utgangspunkt i samanstilling av eksisterande kunnskapsgrunnlag.

Målet med denne temaplanen er å samanstillе kunnskap for å få eit betre kunnskapsgrunnlag som kan bidra med å nå måla i samfunnsdelen for eit levande landbruk.

VIKTIGE OMGREP

Jordlova § 9 første ledd - Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

Dyrka jord – Som dyrka jord reknast fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite.

Fulldyrka jord – Jordbruksareal som er dyrka til vanlig pløyedjupn, og kan nyttast til åkervekstar eller til eng, og som kan fornyast ved pløying.

Overflatedyrka jord – Jordbruksareal som for det meste er rydda og jamn i overflata, slik at maskinell hausting er mogleg.

Innmarksbeite – Jordbruksareal som kan nyttast som beite, men som ikkje kan haustast maskinelt. Minst 50% av arealet skal vere dekt av godkjente grasarter eller beite-tolande urter.

Dyrkbar jord – Areal som ikkje er fulldyrka, men som kan fulldyrkast til lettbrukt eller mindre lettbrukt fulldyrka jord, og som held krava til klima og jordkvalitet for plantedyrking. For eksempel kan skog eller anna jorddekt fastmark reknast som dyrkbar jord. Dyrkbar jord har same lovmessige vern som dyrka jord i Jordlova.

Omdisponering – Når det vert fatta vedtak som tillate endring av arealbruken/bruk av jordressursen.

Utbygging/nedbygging – Når den faktiske endringa skjer.

Jordflytting – Flytte jord frå eit sted til eit anna. I jordvernsamanheng vert omgrepet bruk ved at jordmassar (eks. matjord) vert flytta frå eit utbyggingsområde, til eit anna område for å nytte jordressursen.

Nydyrking – Med nydyrking meinast fulldyrking og overflatedyrking av jord, herunder også innmarksbeite. Gjenoppdyrking av jordbruksareal som har ligge unytta i over 30 år, vert rekna som nydyrking.

AR5 – AR5 er eit heildekkande, nasjonalt kartdatasett som beskriv arealressursane ut frå produksjonsgrunnlaget for jord- og skogbruk. Jordbruksarealet er delt i arealtypepane fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite.

Ansvar for ajourhald er regulert gjennom avtalar i Geovekst-samarbeidet. Kommunane har ansvar for kontinuerleg ajourhald av kartet, dette omfattar alle endringar av markslaget som kommunen får kjennskap til gjennom sine forvaltningsoppgåver. NIBIO utfører periodisk ajourhald av datasettet, der kartet vert oppdatert mot nye flybilete. Dette vert gjort med ca. 5-8 års mellomrom, etter avtalar gjennom Geovekst.

Dyrkbar jord kan vere registrert på arealtypepane «overflatedyrka jord», «innmarksbeite», «skog», «åpen fastmark» og «myr» i AR5. Dyrkbar jord vert oppdatert årleg, basert på siste årsversjon av AR5. Tidlegare fulldyrka jord som er grodd igjen til skog, vert til dømes lagt inn som dyrkbar jord, medan areal som er bygd ned eller dyrka opp, vert teken vekk frå datasettet.

Eigenskapen «Dyrkbar jord» viser alt areal som er registrert som dyrkbar jord.

Eigenskapen «Endret etter 2008» skil mellom kva areal som var registrert som dyrkbar jord i DMK og kva som er lagt inn frå AR5 i ettertid. Dyrkbar jord som er merka med «arealtilstand er endra etter 2008», viser areal som tidlegare var registrert som fulldyrka jord i AR5.



LANDBRUKET I ÅSERAL

Merk: Talla avviker noko frå det som er i arealrekneskapet. Tala i tabellane nedanfor er henta frå SSB.

Jordbruksareal

Tabell 1: Jordbruksareal (dekar) etter region, vekst og år (06462)

	Jordbruksareal i drift	Fulldyrka jord	Åker og hage	Eng til slått og beite	Fulldyrka eng	Anna eng og beite
2010	10052	7088	..	10026	7062	2964
2011	10263	7188	..	10251	7176	3075
2012	8818	6274	..	8778	6234	2544
2013	9148	6315	..	9088	6255	2833
2014	9364	6262	..	9345	6243	3102
2015	9493	6293	0	9493	6293	3200
2016	9500	6147	0	9500	6147	3353
2017	9795	6294	0	9795	6294	3501
2018	9732	6343	0	9732	6343	3389
2019	9691	6318	..	9664	6291	3373
2020	9710	6262	10	9700	6252	3448
2021	9704	6265	10	9694	6255	3439
2022	9680	6335	8	9672	6327	3345
2023	9714	6399	3	9711	6396	3315

I Åseral vert 9714 daa rekna som jordbruksareal i drift (2023). Dette er om lag 1% av kommunen sitt areal på 891 025 daa.

Av desse 9714 daa er 65 % (6399 daa) av dei rekna som fulldyrka. 3315 daa er rekna som anna eng og beite (overflatedyrka og innmarksbeite).

Tidlegare vart bruken av jordbruksareala meir variert. Areal til åker og hage var frå 1969-1999 mellom 509 -104 daa. I 1969 var det også registrert 166 daa til potet, 12 daa til havre og 176 daa til bygg. I dag vert jordbruksareala stort sett nytta til grasproduksjon.




Husdyr

Tabell 2: Husdyr etter region, husdyrslag og år (06447)

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Storfe i alt	624	629	607	596	649	788	764	808	855	886	967
Kyr i alt	244	227	228	244	262	275	333	331	345	358	389
Mjølkekyr	186	176	167	161	162	175	188	192	191	168	175
Ammekyr	58	51	61	83	100	100	145	139	154	190	214
Andre storfe	380	402	379	352	387	513	431	477	510	528	578
Sauer over 1 år	2551	2552	2555	2805	3024	2896	3000	2710	2699	2751	2949
Alssvin i alt	0	12	10	18
Høner	114	70	0	0	0	..	0

Hovudandelen av husdyr i Åseral består av storfe og sau. Ein ser at delen mjølkekyr og sau er relativt stabil, med noko variasjon frå år til år. Delen ammekyr er jamt stigande, og har auka mykje dei siste åra. I 2021 var det fleire ammekyr enn mjølkekyr.




Beitedyr

Tabell 3: Husdyr på utmarksbeite etter region og år (12660)

	Husdyr i alt på utmarksbeite (storfe, sauer, geiter og hestar)	Storfe på utmarksbeite	Sauer på utmarksbeite
2010	7145	327	6735
2011	6898	275	6579
2012	6377	295	6072
2013	6665	307	6345
2014	6598	315	6237
2015	7061	359	6686
2016	7817	390	7395
2017	7848	348	7498
2018	7668	380	7269
2019	7277	432	6833
2020	7534	484	7024
2021	7468	544	6913
2022	7529	587	6909


*Husdyr på minst 8 veker utmarksbeite t.o.m. 2008 og minst 5 veker f.o.m. 2009.

Av husdyr på beite ser ein ei auke både på sau og storfe, sjølv om dette variera litt frå år til år. Dersom ein går lengre tilbake (1995) er det ei tydeleg auke.



Talet på sauer på utmarksbeite har variert noko dei siste 30 åra. Sjølv om det har gått litt opp og ned så kan ein sjå ein tydeleg auke. I 1995 var det 5335 sau på utmarksbeite. Talet i 2022 på 6909 tilsvara ei auke på nesten 30%.





Talet på storfe har hatt ei lita auiking frå 1995-2014. Etter 2014, og spesielt etter 2017 ser ein at talet har auka. I 1995 var det 295 storfe på utmarksbeite. Talet i 2022 på 587 tilsvara omtrent ei dobling.

Beiteområde


Det er tilgjengeleg kart som viser kva område beitelaga normalt nyttar. Her er det lagt til grunn den faktiske arealbruken, ikkje der beitelaget har stadfesta beiterett. Endringar og oppdatering av kartet blir gjort kvart år. Ein ser at det i Åseral har vore noko manglande informasjon i kartet. Det er fleire område som vert nytta som beite som ikkje er registrert eller som ikkje har vore oppdatert til dagens faktiske bruk. I oppdateringa i 2023 er det kome med fleire område, og det er gjort nokre endringar på dei områda som tidlegare har vore i kartløyninga.

Merk at talet på dyr er annleis her enn i tabell 3. Tala i tabell 3 er henta frå SSB. Her vert husdyr på utmarksbeite registrert i fylket/kommunen der jordbruksbedrifta ligg. Dvs. at det berre er dyr som høyrer til gardsbruk i Åseral som er med. Tala i tabellen nedanfor er henta frå NIBIO og viser kor mange dyr som er sleppt i dei forskjellige områda, uavhengig av kor jordbruksbedrifta ligg. Område nr. 3 og 6 er for eksempel nytta av Rustfjell sankelag og Brå beite og sankelag.

Tabell 4: Beitebruk

Nr	Antall dyr	Sau	Lam	Storfe	Geit	Areal km ²
1	1354	525	829			71.8
2	1239	483	747	9		47.9
3	1114	398	680	36		59.9
4	1592	533	1059			93.9
5	383	144	221	18		85.2
6	2521	940	1581			120.9
7	1450	500	898	52		31.8
8	216			187	29	55.2
9	216			187	29	55.2
10	4215	1482	2459	271	3	138.1
11	90	34	56			32.3





Uavhengig av kva kartet viser, så veit ein at stort sett alle heieområda kan nyttast til beite. Nokre område vert meir nytta enn andre, men det er få område som ikkje er eigna til beitebruk. Sjølv om areal ikkje blir brukt i dag, så spesifiserer § 9 i jordlova at «[...] Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida. [...]». Dette vil seia at sjølv om eit område ikkje vert nytta til beite per dags dato så kan ikkje dagens bruk, eller mangel av bruk, vektleggast dersom ein skal kategorisere kva område som er dei viktigaste beiteområda. Om området vert brukt eller ikkje kjem mykje ann på drifta som finst på garden i dag, og denne kan variere mellom bruk og internt på same bruk over tid. Sjølv om eit bruk ikkje har dyr på beite no så kan dei starte med det i framtida, og då vil beiteområda takast i bruk igjen.



Nydyrking

Nydyrking er opparbeiding av udyrka areal til fulldyrka eller overflatedyrka mark, og gjenoppdyrking av jordbruksareal som har lege unytta i over 30 år.

Fullldyrking er «rydding og bryting til vanlig pløyedybde slik at arealet kan nyttes til åkervekster eller til eng og beite som kan fornyes ved pløying»

Overflatedyrking er «rydding og sletting av overflata slik at maskinell høsting er mulig», jf. §3 i Forskrift om nydyrking.

Innmarksbeite blir reikna som «udyrka areal» etter forskrifta. Opparbeiding av innmarksbeite til overflatedyrka eller fullldyrka jord blir altså rekna som nydyrking, og blir handsama etter forskrifta.

Drenering, rydding og sletting av innmarksbeite blir rekna som nydyrking når maskinell hausting med tohjulstraktor blir mogleg, men ut over dette vil opparbeiding av udyrka areal til innmarksbeite falla utanfor forskrifta sitt verkeområde. Rydding kan likevel vera omfatta av andre regelverk, her den generelle aktsemdsplikta etter §6 i Naturmangfoldloven.

Nydyrking av myr er ikkje tillatt, men per dags dato kan kommunen i særlege tilfelle gi dispensasjon til nydyrking av myr, jf. §5a i Forskrift om nydyrking.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Søknader om nydyrking	1	0	4	3	4	1	0	1	4	2	1	2	0
Omsøkt nydyrka areal (dekar)	13	0	136	17	115	40	0	10	50	46	16	134	0
Godkjent nydyrka areal (dekar)	13	0	136	17	105	40	0	10	50	46	16	134	0

Tabell: Tal henta frå arkivsystemet i Åseral kommune.

I tidsperioden 2010-2022 har det, med unntak av i tre ulike år, vore mykje nydyrking i kommunen.

Moglegheita for å kunna nydyrka areal kan vera til stor nytte for bonden, spesielt på bruk som tidlegare har vore avhengige av leigejord og som no kan drivast meir eller heilt uavhengig av leigejord. I tillegg til at nydyrking skal sikra gode driftsmessige løysingar, så skal nydyrkinga skjer på ein måte som tek omsyn til natur- og kulturlandskap, under dette omsynet til biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbiletet, jf. § 1 i Forskrift om nydyrking.

I konfliktar over areal har den dyrka jorda ofte gått tapt, men det har i nyare tid også vore praktisert fleire stader å erstatta landbruksareal teke til andre formål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon med å nydyrka eller flytta dyrka mark til eit anna nytt areal som ikkje tidlegare har vore dyrka med eit 1:1 storleiksforhold.



Korleis er den dyrka marka i Åseral disponert?

Merk: desse tala er henta frå arealrekneskap for Agder, desse avviker litt frå tala frå SSB.

Arealføremål	Fulldyrka	Overflatedyrka	Innmarksbeite
Bustad eller sentrum	43	4	8
Fritidsbebyggelse	17		8
Tjenesteyting	6		1
Turistføremål	5		2
Næringsvirksomhet	7		8
Rastoffutvinning	7		7
Kombinerte føremål	7		0
Idrettsanlegg	29		6
Andre føremål	8		0
Samferdselsanlegg	7	1	9
Blå/grønnstruktur	13	1	41
LNFR	3262	176	1654
LNFR spreidd	2954	97	1104

Av all dyrka mark i kommunen (9490) ligg 9247daa av den i LNFR og LNFR spreidd, dette tilsvara 97%. 5092 daa av dei i ligg LNFR og 4155 daa ligg i LNFR spreidd, tilsvarande 54% og 43%.

Dei nasjonale føringane (nr. 69) seier at ein ved revidering av kommuneplanens arealdel skal vurdere tilbakeføring til LNFR-føremålet for areal som tidlegare har vore avsett til føremål som medfører omdisponering av dyrka jord. Som ein ser ligg allereie ein stor andel av den dyrka marka i Åseral i LNFR-føremål. Ein bør likevel sjå på om det er område som kan tilbakeførast, og då spesielt fulldyrka mark.

LNFR er arealføremålet som i størst grad sikrar at jorda ikkje vert bygd ned. Ein bør derfor også vurdere om ein skal endre nokre av areala i LNFR spreidd til vanleg LNFR.




Kor er den dyrka og dyrkbare marka lokalisert?

Merk: Alle karta (med unntak av det store) er i same målestokk, slik at ein lettare kan sjå kor dei største områda med dyrka mark er.




Det som er verdt å merka seg at mykje av arealet som er vurdert som dyrkbar jord er myrområde.









Teiknforklaring

- Dyrkbar jord
- 21 - Fulldyrka
- 22 - Overflatedyrka
- 23 - Innmarksbeite
- Kommunegrense Åseral - linje







RØYSLAND, SMELAND, TORSLAND




KYRKJEBYGDA




FISKLAND, HEIGARDAN





EGSÅ



FLYSTVEIT





Omdisponering

07903: Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord til andre formål enn landbruk																		
	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Omdisponering i alt	0	4	5	79	8	1	1	3	0	1	28	26	6	2	2	0	0	0
Omdisponering av dyrka jord	0	4	5	77	8	1	0	3	0	1	10	3	6	2	2	0	0	0
Omdisponering av dyrkbar jord	0	0	0	2	0	0	1	0	0	0	18	23	0	0	0	0	0	0

Som ein ser har det vore lite omdisponering dei siste åra (2018-2022).

Spesielt i 2008-2009 vart det mykje areal som vart omdisponert. Det er truleg kommunedelplan for Bortelid og Ljosland som gjer utslag her.

I 2015 og 2016 vart også ein del omdisponert. Dette er truleg reguleringsplanar i Velia og Kvitefosmyra i Bortelid (hyttefelt), samt bustadfelt på Fiskland.

Moglege konflikhtar mellom ønske om bustadbygging og dyrka mark

Menneske har i alle tider busett seg der jorda kunne dyrkast for å overleva, men etter kvart som befolkninga har auka har det også skapt eit tilsvarande aukande press på areala der menneska har vore busett.

I dag er eksisterande bygg ofte plassert tett på og i mellom jordbruksareala, og ein opplever eit stort ønske frå innbyggjarane om å kunne bu i nærleiken av der ein har vakse opp eller i nærleiken av grenda. Slike ønske kjem då i direkte konflikt med lovverket og nasjonale/regionale føringar.

Når det kjem til omdisponering av dyrka mark til bustadbygging i Åseral, er dette i all hovudsak overflatedyrka mark eller innmarksbeite det er tale om. Konflikhtar om omdisponering av fulldyrka mark har i omtrent alle tilfelle vore knytt til sentrum i kommunen, Kyrkjebygd. Ser ein på tala i tabellen ovanfor er det likevel tale om få dekar.



Føringar for arbeidet med arealdelen

Vurdere om ein kan endre område i kommuneplanens arealdel til LNF, spesielt gjeld dette område avsatt til fritidsbustad og LNF-Spreidd.

Viktige vurderingskriteriar ved handsaming av dispensasjon frå forbodet mot bygging på dyrka mark:

- Vurdering av mogleg alternativ plassering.
- Ikkje splitte opp samanhengande område som gjer drifta vanskelegare.
- Ikkje beslaglegge område som kan hindra utviding av driftsgrunnlaget på garden
- Vere varsam med kor mykje areal som skal omdisponerast
- Sette vilkår om flytting av matjord – kan sette krav om at det skal dyrkast opp meir enn det ein tek

Kjelder

AR5

Dyrkbar jord: Kilde: Geovekst/kommunene.

Lovdata:

<https://lovdata.no/lov/1995-05-12-23>

<https://lovdata.no/forskrift/1997-05-02-423>

[Omdisponering av jordbruksareal - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

[Prop_121_S_20222023_LMD.book \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no)

[Jordvern i kommunal og regional planlegging - Landbruksdirektoratet](https://www.landbruksdirektoratet.no)

[Kommunale og regionale virkemidler for jordvern - Landbruksdirektoratet](https://www.landbruksdirektoratet.no)

[h-2401_garden-som-ressurs.pdf \(regjeringen.no\)](https://www.landbruksdirektoratet.no)

[Jordvern - Landbruksdirektoratet](https://www.landbruksdirektoratet.no)

[Arealbarometer - Agder \(nibio.no\)](https://nibio.no)

